

## Gruppeleiar for kreative samtalegrupper

Bergen: 31.10-01.11

Stavanger: 02.11-03.11

Skei: 05.12-06.12

### Arbeider du med ungdommar som har flykta til Noreg? Ynskjer du å få fleire «verktøy i kassen» og lære korleis drive grupper for flyktningeungdommar?

**Ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebbygging i region vest** inviterer til eit todagars-kurs i kreative samtalegrupper for ungdommar i asylsøklar- og busetjingsfasen, ein særskilt krevjande og ustabil fase for mange.

«Kreative samtalegrupper» er ein godt utprøvd metodikk som er utvikla over mange år, den er særskilt tilpassa målgruppa og har som målsetjing å styrke ungdommane si eiga motstandskraft, førebbyggje psykiske helseplager og bearbeide traumatiske livserfaringar.

Dette skjer gjennom gruppeprosessar, der ungdommane lærer om

- » normale reaksjonar på ulike typar belastningar
- » søvnhygiene, sjølvregulering og avspenning
- » ressursar ein kan ta i bruk når ein har det vanskeleg
- » korleis finne språk for følelsar

Sjølve gruppeintervensjonen består av historielaging (ungdommane lagar eit fiktivt narrativ med likskapar til eiga historie), kreative metodar, psykoedukative metodar, ritual, song og høgtlesning av dikt.

#### KVA LÆRER DU?

Kurset gjev ei innføring i korleis gjennomføre 10 gruppesamlingar. Kursdeltakarane gjennomgår ein manual for gruppesamlingane, der kvar samling vert presentert og drøfta, slik at samtalegruppene enkelt kan setjast ut i livet i etterkant av kurset.

#### MÅLGRUPPE

Vi inviterer deg som arbeider med flyktningeungdommar til å finne samarbeidspartnarar lokalt, slik at 2-3 vaksne tek dette kurset saman, og i etterkant gjennomfører samtalegrupper lokalt. Minst ein av dei lokale kursleiarane bør vere helsearbeidar, helst behandlar i BUP ( i tillegg er ofte helse-søster, fagansvarleg ved mottak, flyktningekonsulent, lærarar eller andre med som gruppeleiarar).



#### Kurshaldar er Kjell Ole Myrvoll.

Han er undervisar, foredragshaldar, forfattar og mangeårig leiar for flyktningeteamet ved BUP Sjøvegan i Troms. Myrvoll og kollegaer har omfattande erfaring i arbeid med barn og unge med flyktningebakgrunn, og har saman utvikla og tilpassa denne godt utprøvd metodikken særskilt for asylsøklarar eller flyktningar.

Viktig: Kurset er kostnadsfritt. Dersom du har meldt deg på, men likevel ikkje kan komme, gi beskjed i god tid på [rvts@helse-bergen.no](mailto:rvts@helse-bergen.no). Dersom du ikkje gir beskjed vil du bli belastamed eit gebyr på 500,-

BERGEN, Scandic Bergen City: 31.10. – 01.11

[MELD DEG PÅ før 24. oktober](#)

STAVANGER, Scandic Forus: 02. – 03.11

[MELD DEG PÅ før 19. oktober](#)

SKEI, Skei Hotel Jølster: 05. – 06.12

[MELD DEG PÅ før 21. november](#)

PRIS: Kurset er kostnadsfritt

Har du spørsmål, kontakt May-Irene Wergeland, [may-irene.wergeland@helse-bergen.no](mailto:may-irene.wergeland@helse-bergen.no) eller 41570582

